



## Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: I6XFBI

Registrert dato: 16.03.2018 00:01:15

<b>Innleiing</b>	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Oppgradere elektrisk annlegg	

<b>Om søkjaren</b>	
<b>Organisasjonen</b>	
Organisasjonsnummer	
813047292	
Namn	Adresse
Vestre Vassbygd Grendahus	c/o Elisabeth Idsø Gjerde
Postnummer	Poststad
5912	SEIM
Telefonnummer	E-postadresse
41621667	elisabeth.gjerde@sr-bank.no
Bankkontonummer	
36325038270	
Namnet på leiaren	
Anita Kjenes	
<b>Kasserar</b>	
Førenamn	Etternamn
Elisabeth Idsø	Gjerde
Telefonnummer	E-postadresse
41621667	elisabeth.gjerde@sr-bank.no

Omtale av søkjaren/prosjektet

## Omtale av søkjaren/organisasjonen

Vestre vassbygd grendahus er 102 år, og har tidlegare vore nytta som både skule og barnehage. I dag tener huset som grendahus og forsamlingslokale for bygda sine innbyggjarar. Huset ligg på Søreide ved Storavatnet i Lindås kommune. Vestre vassbygd er ei bygd i vekst. Styret i grendahuset er samansett av unge folk med engasjement for bygda. Me jobbar for å vera ei levande bygd, og for å inkludera alle sambygdingane uavhengig av alder. Vestre vassbygd grendahus vert nytta som møteplass for ulike arrangement, herunder utleige til arrangement. Drifta er basert på frivillig arbeid og dugnad.

Av faste arrangement på vårparten er familiemiddag der det vert servert raspeballer og påskelotteri. Andre pinsedag arrangerast fjelltur med påfølgjande kjøttkakemiddag. Me har òg tradisjonell jonsokfeiring godt tilrettelagt for born og vaksne, med aktivitetar som natursti, leikar og bålrensing. På jonsok vert det lodda ut premiar for deltaking i Kjenestrimmen. Kjenestrimmen vert arrangert i tidsrommet 1 påskedag til jonsok, og har som hensikt å motivera bygdefolket til fysisk aktivitet.

På hausten har vi basar og familiemiddag med pinnekjøtt.

Huset har gjennom ei årrekke vore nytta av ungdomsklubben, som har barnedisko for 1-4 klasse og ungdomsklubb for 5-7 klasse. Ungdomsklubben har vore svært populær, og der har delteke born og unge frå omkringliggjande bygder.

Bridgeklubben har klubbkveldar og julebord i huset, og gudsteneste 4 sundag i advent vert arrangert i Vestre vassbygd grendahus. Der er òg ynskje om å gjenoppta tradisjonen med juletreffest. Huset vert også nytta til private arrangement som bursdagsfeiring, barnedåp, konfirmasjon og minnesamvær. Dessverre har huset ikkje kunna vere i bruk haust/vinteren 2017-2018, grunna dugnadsarbeid med utbetring av kjøkkenet. Undervegs i oppussinga av det gamle huset, har det dukka opp nye utfordringar som m.a. skeive golv og veggjar som må rettast. Då arbeidet vert gjort på dugnad har estimert tid teke lengre enn venta. dette har også ført til auka utgifter, og mindre inntekter då huset ikkje har kunna vere i bruk, og arrangementa difor ikkje har kunna gjennomførast.

## Omtale av prosjektet/aktiviteten

Det elektriske anlegget i grendahuset er gammalt og treng sårt ei oppgradering. Per i dag har vi ikkje god nok kapasitet på strøm. Ved arrangement som t.d. familiemiddagar, må ein vere obs så ikkje sikringane ryk. Vi må difor bruke skøyteledningar til ekstra kokeplater i andre rom, og passe på at ikkje kursen vert overbelasta.

Ved oppgradering av kjøkkenet har vi m.a. kjøpt steamer då den gamle oppvaskemaskina bruka mellom 1-2 timar på eit vask, samt ein ekstra komfyr då det ved fleire anledningar gjennom året vert koka middag til mange. For at huset skal verte meir funksjonelt og oppgradert, må det elektriske anlegget skiftast ut.

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten

Våren 2018.

Staden for prosjektet/aktiviteten

Vestre vassbygd grendahus

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

 Ja     Nei

## Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

82000

Spesifikasjon

Beløp

Helland elektro

42875

Bkk

38266

Sum: 81 141,00

## FINANSIERING

Søknadsbeløp for denne søknaden

55000

Blir det søkt tilskott hos andre instansar?

 Ja     Nei

Søknadsbeløp hos andre instansar

0

Spesifikasjon - andre instansar	Beløp
0	0
	Sum: 0,00
Andre inntekter utanom tilskott	
25000	
Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Påske lotteri	5000
Basar til hausten	25000
	Sum: 30 000,00
Sum finansiering	
80000	

Medlemsmasse
Før opp antall medlemmer i organisasjonen
Mellom 0 og 5 år
11
Mellom 6 og 12 år
10
Mellom 13 og 19 år
12
Over 20 år
62
Har organisasjonen medlemskontingent?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei